

## Fagområda i barnehagen

Me har ein progresjonsplan som tek utgangspunkt i dei sju fagområda frå rammeplanen. Fagområda skal bidra til å fremje trivsel, allsidig utvikling og helse.

Barna skal utvikle kunnskap og ferdigheiter innanfor alle fagområda gjennom undring, utforsking og skapande aktivitet. Personalet i barnehagen skal ta utgangspunkt i engasjement til barna. Personalet skal tilby ulikt materiell og utstyr, teknologi og digitale verktøy spel, bøker og musikk. Fagområda vil skjeldan opptre isolert, fleire av områda vil ofte vere representert samstundes i temaopplegg, kvardagssituasjonar og turar.

## KOMMUNIKASJON, SPRÅK OG TEKST

### RIM OG REGLER - SONG – BØKER - EVENTYR OG FABLAR – DIALOG

Mål:

Barna skal kunne:

- Bruke språket til å utrykke følelsar, ønsker og erfaringar. For eksempel til å løyse konflikhtar og skape positive refleksjonar
- Utvikle godt språk
- Utvikle evne til å kommunisere i sosiale samspel

1-3 år	4-6år
<p>Personalet skal:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>❖ Bruke språket aktivt i kvardagssituasjonar, parallellsnakke</li><li>❖ Bruke enkle rim og regler (med rørsle)</li><li>❖ Fortelje enkle eventyr (med bruk av konkretar)</li><li>❖ Bruke bøker med bilete</li><li>❖ Sjå i bøker/på bilete og snakke om det me ser</li><li>❖ Synge kjente barnesongar</li><li>❖ Sette ord på følelsar barnet viser/har</li></ul>	<p>Personalet skal:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>❖ Lese bøker/tekster som interesserer barna</li><li>❖ Fortelje og lese eventyr og fablar</li><li>❖ Bruke rim og regler</li><li>❖ Støtte barn i å bruke språk for å løyse konflikt</li><li>❖ Synge</li><li>❖ Støtte varn i leik med skriftspråket – rableskriving</li><li>❖ Støtte opp under tøyseord</li><li>❖ Aktivitet der barna får finne rimord</li><li>❖ Ha bokstaver (alfabetet) synleg</li><li>❖ Oppmuntre barn til å lage egne forteljingar</li><li>❖ Klappe stavingar</li><li>❖ Støtte barn i å sett ord på følelsar, tankar og meiningar</li></ul>

# KROPP, RØRSLE, MAT OG HELSE

## SANSELIG BEVISSTHEIT – HYGIENE – SUNT KOSTHALD – FYSISK AKTIVITET

Mål:

Barna skal kunne:

- Gjennom kroppsleg aktivitet lærer barnet å kjenne seg sjølv og verda rundt
- Kontakt mellom barn startar ofte med kroppslege signal og aktivitet, som har betydning for utviklinga av sosial kompetanse
- Utvikle motorikk og kroppsleg bevisstheit
- Lære om sunn kost og hygiene
- Utvikle god helse
- Oppleve gled og meistring gjennom fysisk aktivitet

1-3 år	4-6 år
<p>Personalet skal:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>❖ Legge til rette for dans og leik med bevegelse</li><li>❖ Grovmotoriske aktivitet</li><li>❖ Gå tur i nærmiljøet</li><li>❖ Utfordre barnet i lettare ulendt terreng</li><li>❖ Synge sanger med namn på kroppsdelar</li><li>❖ Tilby sunn og god kost</li><li>❖ Oppfordre barnet til å ete sjølv</li><li>❖ Legge til rette for gode måltidssituasjonar</li><li>❖ Legge til rette for tilpassa finmotoriske aktivitetar</li><li>❖ Praktisere handvask</li><li>❖ Legge til rette for at barn kan prøve å kle seg sjølv med støtte frå personalet</li></ul>	<p>Personalet skal:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>❖ Legge til rette for lengre turar</li><li>❖ Tur i ulendt terreng</li><li>❖ Legge til rette for hinderløyper og boltrelek</li><li>❖ Støtte barn i å vere sjølvstendig i påkledning-, toalettsituasjonar og elles gjennom dagen</li><li>❖ Gje barn variert og sunn kost og smaksopplevingar</li><li>❖ Reflektere over kva som er sunn og usunn mat</li><li>❖ Oppmuntre barn til å smake på mat</li><li>❖ Støtte barn i å vere sjølvstendige i måltidssituasjon</li><li>❖ God bordskikk; me spør fint om hjelp og takkar for maten</li><li>❖ Gje barn tilpassa finmotoriske oppgåver</li><li>❖ God handhygiene</li><li>❖ Legge til rett for hinderløype og balanseleik</li><li>❖ Støtte barn i å sette ord på følelsar, og å seie i frå</li><li>❖ Jobbe med bruk av ordet STOPP for eigne grenser, og respektere andre sine grenser</li></ul>

# KUNST, KULTUR OG KREATIVITET

## MUSIKK – DRAMA – FORMING

Mål:

Barna skal:

- Få gode opplevingar ved å utforske estetiske fag
- Kjenne på meistring gjennom prosess
- Kjenne på deltaking og å høyre til
- Få skape egne kunstnerariske og kulturelle uttrykk
- Få opplevingar med musikk, dans, drama, språk, litteratur, arkitektur og design

1 – 3 år	4 – 6 år
<p>Personalet skal:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>❖ Legge til rette for sanseleik</li><li>❖ Musikkstund</li><li>❖ Bruke rytmeinstrument</li><li>❖ Bruke kjente barnesongar</li><li>❖ Bøker tilpassa aldersgruppa</li><li>❖ Tilby ulike formingsmateriell</li><li>❖ Legge til rette for «å late som»</li><li>❖ Legge til rette for dans og bevegelse</li></ul>	<p>Personalet skal:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>❖ Legge til rette for kulturelle opplevingar</li><li>❖ Dramatisering av eventyr</li><li>❖ Støtte kreativ tenking og fantasi</li><li>❖ Bruk av naturmateriell og gjenbruksmateriell</li><li>❖ Gje barna samarbeidsoppgåver</li><li>❖ Bruke song, musikk og drama</li><li>❖ Støtte og motivere barn til å uttrykke seg gjennom kreativitet og /eller musikk</li></ul>

# NATUR, MILJØ OG TEKNOLOGI

NATURGLEDE – MILJØBEVISST – DYR OG PLANTAR – FORSKING OG EKSPERIMENT

Mål:

Barna skal:

- Få innsikt i miljøvern og samspel med naturen
- Få gode opplevingar og bli glad i å vere ute
- Erfare korleis teknikk kan nyttast i leik og kvardagsliv
- Bli kjend med og få forståing for plantar og dyr, landskap, årstider og vèr

1 – 3 år	4 – 6 år
<p>Personalet skal:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>❖ Legge til rette for meistring og glede på tur</li><li>❖ Få kjennskap til ulikt vèr</li><li>❖ Sansse natur, blad, stein, jord...</li><li>❖ Bli kjent med planter, trær og blomster i vårt nærmiljø</li><li>❖ Leite etter frukt og bær</li><li>❖ Legge til rette for å oppdage insekt, dyr, fugl og fisk</li><li>❖ Skape spenning, glede og undring over ting me finn i naturen</li><li>❖ Bruke båt</li></ul>	<p>Personalet skal:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>❖ Legge til rette for magiske naturopplevingar</li><li>❖ Erfare syklus i naturen og skifte av årstid</li><li>❖ Bruke naturen som arena for leik, undring, utforsking og læring</li><li>❖ Gje barna moglegheit til å stille spørsmål, undre og reflektere</li><li>❖ Bruke naturmaterialar me finn</li><li>❖ Kunnskap om dyr, innsikter, fugl og fisk me finn i vårt nærmiljø</li><li>❖ Bruke kjøkkenhagen til å lære om korleis frukt og grønt blir til</li><li>❖ Bruk av digitale verktøy (mikroskop, nettbrett, film og bilde...)</li><li>❖ Gjennomføre eksperimenter</li><li>❖ Fremme haldningar som ivareteke naturen</li><li>❖ Kjeldesortering</li><li>❖ Kjennskap til mulige konsekvensar av forsøpling</li></ul>

# MENGD, ROM OG FORM

STORLEIK OG MÅL - TIDSBEGREP – TAL OG MENGD – MØNSTER, SYMETRI OG SORTERING

Mål:

Barna skal:

- ❖ Utvikle sin matematiske kompetanse og logisk tenking gjennom leik, tilrettelagte aktivitetar, eksperimentering, undring, refleksjon, og kvardagsaktivitet

1 – 3 år	4 – 6 år
<p>Personalet skal:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>❖ Bruke song, rim og regler med teljing</li><li>❖ Fokus på namn på fargar i kvardagssituasjonar</li><li>❖ Bruk av omgrep i kvardagssituasjonar</li><li>❖ Gje erfaring med storleik</li><li>❖ Presentere geometriske figurar og namngje dei</li><li>❖ Gje barna ein dagsrytme og vekerytme</li></ul>	<p>Personalet skal:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>❖ Sjå til at barnet har kjennskap til/forståing for matematiske omgrep (lik, ulik, former, sortering, mønster...)</li><li>❖ Oppslag av tall og mengde på vegg</li><li>❖ Erfaring med tall og teljing i kvardagsaktivitet</li><li>❖ Kjenne namn på vekedagar og månader</li><li>❖ Lære barna omgrep; i dag, i morgon, i går</li><li>❖ Skilje mellom omgrep som er motsetningar</li><li>❖ Sjå til at barna har kjennskap til ulike mønster</li><li>❖ Sjå til at barna har kjennskap til egen alder</li><li>❖ Sjå til at barna telje konkretar</li><li>❖ Hjelp barn til å kunne sortere etter storleik, form, farge, materiell</li><li>❖ Gje barna erfaring med terningar og kunne kjenne igjen symbol</li><li>❖ Sjå til at barna kan sortere etter overgrep (t.d vottar, lue, sokker=klede)</li></ul>

# ETIKK, RELIGION OG FILOSOFI

## KRISTEN TRU OG TRADISJON – ANDRE RELIGIONAR OG KULTURAR – UNDRASEG OG STILLE SPØRSMÅL – TOLERANSE OG INTERESSE

Mål:

Barna skal:

- Kunne vise omsyn og respekt for andre
- Kunne filosofere utan at fokuset ligg i dei «rette» svara
- Få kjennskap til og erfaring med ulike høgtider og tradisjonar
- Tileigne seg samfunnets grunnleggjande normer og verdiar

1 – 3 år	4 – 6 år
<p>Personalet skal:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>❖ Hjelp barn med å helse og vinke hadet når dei kjem og går</li><li>❖ Gje opplevingar av fellesskap og å høyre til</li><li>❖ Setje ord på følelsar til barnet</li><li>❖ Setje ord på følelsar på andre rundt barnet</li><li>❖ Støtte opp deling med andre</li><li>❖ Vere god mot menneske og dyr</li><li>❖ Lære dei magiske orda «Takk» og «unnskyld»</li><li>❖ Markere 17. mai</li><li>❖ Gje barna kjennskap til høgtid og markering knytt opp mot den kristne kulturarven</li></ul>	<p>Personalet skal:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>❖ Gje barna kjennskap til historiene og tradisjonane rundt feiringa av dei kristne høgtidene jul og påske</li><li>❖ Markere samedagen</li><li>❖ Gje barna trygghet til å stille spørsmål – ikkje berre godta</li><li>❖ Gje barna kunnskap om andre religionar og kulturar</li><li>❖ Støtte opp når barn viser medkjensle</li><li>❖ Undre og filosofere over hendingar og etiske dilemma saman med barn</li><li>❖ Kunne seie noko fint om andre</li><li>❖ Kunne dei magiske orda «TAKK» og «UNNSKYLD»</li><li>❖ Lytte til andre</li><li>❖ Vise omtanke</li><li>❖ Reflektere over egne og andre sine følelsar og opplevingar</li></ul>

# NÆRMILJØ OG SAMFUNN

## INKLUDERING – LIKEVERD – IDENTITET OG SAMKJENSLE – LOKALKUNNSKAP

Mål:

Barna skal:

- Oppleve å vere deltakar i eit demokratisk samfunn
- Kjenne seg som ein deltakar i det lokale natur- og kulturlivet
- Få kunnskap om nærmiljøet

1 – 3 ÅR	4 – 6 ÅR
<p>Personalet skal:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>❖ Legge til rette for gruppefellesskap</li><li>❖ Legge til rette for at barna får delta i leik der dei er i leikeutvikling</li><li>❖ Gje barna kunnskap om korleis ein er ein ven</li><li>❖ Legge til rette for at barna føler seg trygge til å møte verda utanfor familien med tillit og nysgjerrigheit</li><li>❖ La barna bli kjent med nærmiljøet, og namngje stadar og ting som er viktig i nærmiljøet</li></ul>	<p>Personalet skal:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>❖ Rettleie og støtte opp om korleis ein er ein god ven</li><li>❖ Rettleie om korleis ein tek kontakt og dannar relasjonar</li><li>❖ Lære å invitere andre med, og la andre får vere med i leiken når dei spør</li><li>❖ Barna skal vite kva base dei høyrer til</li><li>❖ Vete kva stadar i nærmiljøet heiter</li><li>❖ Godta alle for den dei er</li><li>❖ Gje barna tryggleik til å vere seg sjølv i samspel med andre</li><li>❖ Barna skal vete kva dei heiter, kor dei bur, kvar barnehagen (og etter kvart skulen) er</li><li>❖ Gjere barna kjent med kulturhistorien i Austevoll</li></ul>